

Handlingsplan for folkehelse – Firda vidaregåande skule Endeleg versjon.

I brev av 23.08.2006 frå den fylkeskommunale folkehelsekoordinatoren vart dei vidaregåande skulane bedne om å etablere permanente folkehelsegrupper. På Firda vgs hadde gruppa det første møtet sitt 14.12.2006, og har desse medlemmene:

Liv Holvik, miljøkoordinator, Firda vgs
 Aud Eide, kantinstyrar, Firda vgs
 Oddlaug Bøe, tannpleiar, tannhelsetenesta
 Anita Sørheim, lege, skulehelsetenesta
 Margot Gimmetad, helsesøster, skulehelsetenesta
 Linn Katrine Fivelsdal, elevrådet, Firda vgs
 Benedicte Hamre, elevrådet, Firda vgs
 Turid Korterud, rådgjevar, Firda vgs
 Ove Eide, leiar for utvikling og fornying, Firda vgs – sekretær for gruppa

Folkehelsegruppa er altså sett saman av representantar frå sektorar med kvart sitt tydelege delansvar innan dei aktuelle arbeidsfelta.

Mandatet for gruppa er formulert slik i brevet frå fylkeshelsekoordinator:

Mandatet til gruppa er å utarbeide ein handlingsplan over skulen sitt arbeid på områda **psykisk helse, ernæring, fysisk aktivitet, rus og tobakk, skader og ulukker**. Planen skal vere ein del av utviklingsplanen for skulen, og rapportering om arbeidet skal skje i årsmeldinga.

Mandatet kan heimlast i mange formuleringar i Kunnskapsløftet, for eksempel i Læringsplakaten: Skulen skal ...”sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring.” Og i Opplæringslovas §9a-1 heiter det: ”Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.”

Firda vidaregåande skule har allereie sett i verk ei rekke tiltak som har relevans for dei delområda planen omfattar: ”Krise og meistring” (4 t opplegg for alle grunnkursklasser), kantine med sunn mat, helsestasjon for ungdom, Handlingsplan mot rus, Open skule, Firda og skulane ikring er røykfritt område, Gloppen scene, samarbeidsgruppa ”Utsett ungdom”.....

Gruppa har til saman hatt tre møte med handlingsplanen som tema, og har slikt framlegg til:

Handlingsplan for folkehelse – Firda vidaregåande skule

Alle elever i grunnskolen og vidaregåande opplæring har rett til et godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring. Det er skoleeier og den enkelte skole som har ansvaret for å sikre et godt læringsmiljø. (...). Den kompetente lærer ser hver enkelt elev og finner den riktige kombinasjonen av krav og forventningar, hjelp og støtte. Dette vil også bidra til et godt arbeidsmiljø og forebygge uro og problemadferd.
(Stortingsmelding 16 (1006-2007) ... og ingen sto igjen, s. 81)

Skulen er ein viktig arena for elevanes sosiale og personlege utvikling, noko som har like store konsekvensar for det vidare livet som karakterane i fag. For skulen vert det viktig å ha eit program for førebygging, slik at tiltaka vert sette inn før utviklinga viser negative trekk – hos den enkelte og eller i grupper.

I forskingslitteraturen vert det peikt på tre sentrale deler av skulens førebyggjande arbeid: Godt læringsmiljø, samarbeid med føresette og lokalmiljø (kommunale etatar, frivillig sektor) – og ein heilskapleg plan. Gode læringsmiljø blir sett på som godt vern mot problemutvikling for barn og unge. Element i slike miljø er m.a. trygge klassemiljø med gode relasjonar (elev – elev, elev – lærar), tilrettelegging for fysisk aktivitet, differensiert undervisning, tydeleg klasseleiing, elevmedverknad, velordna bygningar, brei lærarkompetanse mm.

Handlingsplanen for folkehelse Firda vidaregåande skule har seks delområde som alle har betydning for opplæringsmiljøet på skulen – og dermed for læringsutbyttet for den enkelte. Innan kvart delområde vert det peikt på tiltak som vil gjere det lettare å realisere skulens mål ved å førebygge mot forhold som vil verke negativt. Samtidig er det grunn til å peike på at kvart av dei fem områda er mangfaldige og samansette, der skulen berre er ein av fleire arenaer som betyr noko for elevane.

1. Psykisk helse:

Det beste førebyggjande tiltaket for å sikre god psykisk helse er å skape og halde ved like gode gruppe- / læringsmiljø.

Tiltak 1: Temaet vert tatt opp på ein av planleggingsdagane for pedagogisk personale hausten 2007, med fokus på kompetanseheving for lærarane innan området.

Tiltak 2: Vurdering av gruppe- og læringsmiljøet skal vere faste innslag på dagsorden under klassemøta. Kontaktlærarane har eit spesielt ansvar for å fange opp signal som kan tyde på at elevar ikkje har det bra. Kontaktlærarane skal legge stor vekt på å kommunisere med tillitselevane, slik at desse trygt kan vende seg til kontaktlærarane om saker som gjeld klasse- og læringsmiljøet. Klasse- og lærarane må trekkast med i diskusjonen om gruppe- og læringsmiljøet. Alle har eit ansvar for at dette er godt.

Tiltak 3: Hybelkurset som no vert halde i vg1, må følgjast opp med kurs / opplegg i vg2 og vg3. Kursa skal ha fokus på mat /ernæring.

Tiltak 4: Skulen skal arbeide for å få miljøkoordinator i full stilling.

Tiltak 5: Det vert sett i gang arbeid med å utvikle velferdstilboda for tilsette.

2. Ernæring

Skal tilbodet i kantina utviklast vidare, må ressursen aukast.

Tiltak 1: Kantina vert styrkt med ei ny stilling, i minst 50%.

Tiltak 2: Det vert utvikla pedagogiske opplegg knytt til ernæring, tannpleie/tannhelse, t.d. som del av hybelkurs på alle årsstega.

Tiltak 3: Det vert gjort forsøk med fleire varmrettar i kantina, t.d suppe.

Tiltak 4: Tilgjenge på drikkevatt vert styrkt gjennom fleire vassfontener og utdeling av vassflasker under hybelkurs.

3. Fysisk aktivitet

Det er eit prioritert område å sikre alle elvar minst ein time fysisk aktivitet for dag. Det er ei stor utfordring er å få til dette i skuletida.

Tiltak 1: Skulens uteområde vert betre tilrettelagt for fysiske aktivitetar.

Tiltak 2: Det vert utvikla tilbod om trim / mosjon for tilsette.

Tiltak 3: Elevane på idrettsfag utviklar opplegg for andre klasser på skulen.

Tiltak 4: Treningstid for elevar vert tilbode som del av Open skule.

4. Rus og tobakk

Tiltak 1: Det vert sett i gang arbeid for å revidere skulens ”Handlingsplan mot rus”.

5. Skader og ulukker

Tiltak 1: Firda deltek i toårig nasjonalt prøveprosjekt knytt til trafikkopplæring (2007- 2009), saman med fem andre vgs. Måla er auka trafikktryggleik, redusert fråvær frå ordinær undervisning og billegare / meir tilgjengeleg trafikkopplæring i distrikta. Det er eit sentralt mål i prosjektet at trafikkopplæringa vert integrert i ulike fag.

Tiltak 2: Det må utviklast opplegg / tiltak /planar for å redusere sjansane for skader innan dei programområda der elevane kan bli utsette for slikt, knytt til fag / praksis. Desse planane /opplegga må også innehalde tiltak for dei som vert skadde.

Tiltak 3: Det vert gjennomført ein refleks-kampanje hausten 2007.

6. Kultur og helse

Tiltak 1: Det må sikrast betre tilgjenge til og informasjon om kultur- og fritidstilboda i Gloppen.

Tiltak 2: Det vert sett ned ei gruppe med representantar frå elevråd og tilsette som skal utvikle / gjere framlegg om nye modellar for kulturtilbod og – aktivitetar i og ved Trivselshagen.

Planen gjeld frå skuleåret 2007 – 2008.